

annonse



DEN STØRSTE MEDIEKANALEN I BJØRN

Os & Fusaposten → VI KAN HJELPA DEG MED

PRINT DIGITALT CONTI



Spandabel bussjåfør: Kjell Gytri ønskjer å tilby ein skikkeleg bergensstur med tur til pepperkakebyen og eventuelt ein pizzarestaurant. Om han skal få det siste til, treng han fleire med på sponsorlaget. Foto: Kenneth Svenningsen

Treng tips: Vil køyra vanskelegstilte på juletur til Bergen

🇨🇭 Kjell Gytri ønskjer å hjelpa vanskelegstilte i Os eller bebuarar ved ein institusjon på ein bergensstur no før jul. Sjåføren har alt ordna fri inngang til Pepperkakebyen.

Kenneth Svenningsen



Han starta firmaet sitt i 2016. Alt same år var han ute og tilbydde gratis-tur til bebuarar på sjukeheimen i Os. Dei siste åra har han ikkje hatt høve til å gjenta tilbodet. Før no.

- No, like før jul er det heilt stilt. Eg har tid og lyst til å gjera noko for dei som ikkje har økonomi eller ressursar til å finansiera ein slik tur sjølve. For meg kostar det berre litt tid og litt diesel. Det står eg i, humrar Gytri.

Annonsert på Facebook

Bussjåføren har annonsert tilbodet på Facebook-sida til bussfirmaet, men til no ikkje fått respons.

- Håpet var at eg gjennom dykkar lesarar, kanskje kunne nå ut til fleire, seier han.

- Kva konkret er det du vil tilby?

- Hehe, eg køyrar ikkje til Oslo...Men for all del. Ein tur til Bergen, ein tur i pepperkakebyen, eit stopp for ein middag, noko sightseeing, det må me spandera, seier Gytri.

Sjåføren har alt ordna fri inngang til pepperkakebyen. Om han no får nokon å køyra, hadde han håpa at ein annan sponsor kunne teke på seg å spandert dei reisande på pizzarestaurant.

Tenkjer på born og unge

Bussjåføren er klar på at tilbodet må gå til nokon som har reell bruk for det, som er stilt

- Eg vil bli benytta, ikkje utnytta, slår han fast.
- Sist du gjorde dette, gjorde du det for eldre og sjuke. Har du nokon tankar om kven som kunne fortent ein slik tur no?

annonse



Gåve som varer!

Gje eit gåve-abonnement

Os & Fusaposten

- Ein les jo så mykje om fattigdom og vanskelegstilte foreldre. Om me kunne samkøyr det, via ei foreining eller institusjon, så hadde eg gladeleg teke med meg ei gruppe born og unge, kanskje i følgje med foreldre. Eg er open for forslag. Os & Fusaposten veit å kontakta meg. Eg håpar folk melder frå, slår Gytri fast.

Emne

NYHENDE